

EM Beograd 03-06. April 2008

Torsdag 03.04 – Avreise

Det var to spente og nervøse jenter som sto opp 0500 torsdags morgon 03.april. Me visste begge at me hadde ei lang reise foran oss og reise målet var Beograd. Det var ikkje mykje som vart sagt frå Stord til flyplassen i Haugesund. Me tok flyet frå Haugesund til Oslo, og møtte resten av landslaget på Gardermoen. Vidare var me innom alle flyplassane i Europa kjendes det som. Det var blanda følelsar som kom då me var vel framme i Beograd i 16 tida torsdags ettermiddag . Etter ein lang buss tur med mykje å sjå og mange inntrykk kom me fram til hotellet vårt. "Hotel Srbija". Dette var eit heilt OK hotell, kunne vore forutan vond lukt, men det gjekk greitt. Det blei ein roleg kveld.

Fredag 04.04 – Dagen før dagen.

var det tid for trening. Me trena i ein time halv annan og det begynte verkeleg å gå opp for oss kva me skulle gjeva oss ut på dagen etter. Då me såg dei andre nasjonane trena ved sidan av oss, så gjekk det VERKELEG opp for oss. Konkurransen me har venta på i fleire månadar er berre nokre få timar vekke.. Me helde oss for det meste på hotellet denne kvelden og prøvde å få godt med søvn før laurdagen..

Laurdag 05.04 – Dagen!

Nervøsiteten kunne ein føla og ta på. Stemninga var trykka denne morgonen. Me var oppe grytidleg og åt frukost, men me fekk ikkje mykje mat i magen. Det var no på tide å ta på seg gien og landslagsdrakta. I dag skal me vise kva me er god for. Bussturen til hallen var overraskande kort, kanskje for kort. Det som møtte oss i hallen var svært! Seks matter fordelt utover ein sal, det var ikkje noko high teck skjermar og lydanlegg slik me i Noreg har på større arrangement. Her var det berre til å få oversikt over kvar ein skulle vera og følgja godt med! Eg og Oda havna i forskjellige grupper og fekk ikkje gå på same matta. Men me var rett ovanfor kvarandre, så me hadde augne kontakt heile vegen. Oda var først ut, ho gjekk ein runde kata og vant mot Sandra frå Tyskland. Men ho vart slått ut i andre runde av ein Russer. Men av ein eller anna merkeleg grunn måtte ho gå ein runde te mot denne Russeren.. Då gjekk ho ein knakandes god Bassai dai, men det var ikkje godt nok.. Vidare i kumiten rauk ho ut på første mot same konkurrent som i kataen. Over til meg, eg fekk fyrst ein "walk over". Deretter etter mykje venting og nerver, gjekk eg mot ei frå Serbia. Ho fekk inn wasari og vant kampen. Ho kom også på 2.plass samanlagt. Vidare etter dette var det klart for lagkumite. Her var det Oda, Therese, Kristine og meg som stilt, me skulle gå mot Tsjekkia. Der var mykje rar dømning her, og mykje av det som blei gjort kunne diskuterast. Men jentene gjorde ein knall god innsats! Etter konkurransen var over var det tid for innmarsj for dei forskjellige nasjonane. Premie utdeling stod for tur rett etter dette. Vidare utover kvelden var det "bankett" på hotellet, der me fekk servert tre rettars middag som kunne diskuterast. Men det var no mat ☺ Eit svært korps vitja oss under middagen til ein glede for nokon og ein plage for andre..... Denne natta sov me godt!

Søndag 06.04 – Heimreise

TIDLIG morgon. Me var oppe før alle andre var oppe.. Eg, Oda og Kjærland skulle ta eit tidleg fly heim til Noreg, og denne turen hadde me sett fram til! Endeleg skal me heim, og me er ferdig med

dette! 😊 På vegen heim var me også innom dei fleste flyplassane i heile Europa følte det som, kom heim til Stord i 17 tida søndags ettermiddag.

Me er berre nøgd med eiga innsats denne helga og me ser begge på dette som ein stor oppleving me aldri kjem til å gløyma! Me lærte mykje og det å sjå eit slikt type land var ein oppleving i seg sjølv. Dette var noko heilt nytt for oss begge, og me ser fram til neste reise med landslaget! 😊

Malene og Oda